

# Sjeldne fluer (Diptera) i Preikestolområdet

---

*Ein førebels rapport.*

**Terje Jonassen**

## **1. INNLEIING**

Denne rapporten omhandlar ein del av det insektmaterialet som er kome fram gjennom periodiske undersøkingar i det området som prosjektgruppa for Preikestolen Nasjonalpark har kalla "Preikestolområdet" (jfr. <http://www.preikestolen-nasjonalpark.no/nor/Rapporten/Omraadebeskrivelse>). Størsteparten av materialet stammar frå eit tidlegare innsamlingsarbeid i distriktet i åra 1982-85 med vektleggjing på fluer (Diptera), og der dei mest interessante funna er publisert tidlegare (jfr. kjeldetilvisingane under dei ulike artane nedanfor). Denne rapporten summerer opp dei viktigaste av desse funna med tanke på sjeldne og eventuelt raudlista artar.

I tillegg er det blitt køyrt tre insektfeller (Malaisetelt) i området inneverande år (2010), to av desse i regi av Universitetet i Oslo (UiO). Desse to fellene var plasserte i Songesand og i Skurvedalen i Forsand kommune, medan den tredje fella har stått ved Holmavatnet i Hjelmeland kommune. Dette materialet er enno ikkje gjennomgått, og vil såleis ikkje omfattast av denne rapporten. Derfor vil det bli laga ein tilleggsrapport ved eit seinare høve dersom desse samlingane skulle syna seg å innehalda artar som er interessante. Då kan ein også venta ei større breidde i materialet med registreringar av fleire insektfamiliar enn det som dannar grunnlaget for denne vesle oversikta. Det er på denne bakgrunnen at den føreliggjande rapporten berre må sjåast på som ei førebels oversikt.

Underteikna har vore ein av medarbeidarane til den nye Raudlista 2010. Denne skal offentleggjerast den 9. november 2010. Før dette skal ingen av raudlistevurderingane frå denne refererast. Såleis er det vurderingane frå Raudlista 2006 som framleis gjeld. Eg ber dermed om forståing for at eg i det følgjande ikkje kan seia noko om statusen til dei omtalte artane, dersom dei ikkje vart raudlista i 2006.

## 2. ARTSOVERSYN

I det følgjande vert det omtala 9 artar fluer frå Preikestolområdet som førebels kan reknast som sjeldne eller unike på landsbasis. Ein av desse artane (*Doros profuges*) var inkludert i Raudlista 2006, medan fleire av dei andre artane er publiserte som eineståande norske funn. Eit av funna (*Strongylophthalmyia pictipes*) er tidlegare upublisert. Denne lista kan nok utvidast ein god del etter som området vert nærare undersøkt med tanke på andre insektordenar. Men samstundes må ein jo også rekna med at breiare undersøkingar kan føra med seg at nokre av dei funna som er omtala nedanfor som sjeldne, kan vera meir utbreidde enn desse registreringane kan tyda på.

Seks fluefamiliar er representerte i lista: Dolichopodidae, Empididae, Hybotidae, Syrphidae, Fanniidae og Strongylophthalamidae. Alle desse er rimeleg godt kartlagde her i landet.

*Doros profuges* (Harris, 1780)(Syrphidae). Ei stor og karakteristisk blomsterflue med få og spreidde norske funn (Nielsen, 1999). Ein kjenner lite til biologien, men det vert spekulert i om larvane er knytte til maurtuer. Arten er raudlista i Noreg (2006) i kategori EN (endangered). Eit av dei få norske eksemplara er teke i Songesand og bør såleis vera ein av dei artane Forsand kommune bør ha spesielt ansvar for.

*Clinocera nigra* Meigen, 1804 (Empididae). Denne arten er kjend her i landet frå berre eit eksemplar, teke ved Helmikstøl i Forsand (Jonassen 1987). Både denne og dei to neste artane er sterkt knytte til ferskvatn. Truleg går heile larveutviklinga føre seg i vatn.

*Clinocera fontinalis* (Haliday, 1833) (Empididae). Her i landet berre kjent frå ein serie på 7 individ tekne ved Songesand skule (Jonassen 1987).

*Clinocera wesmaelii* (Macquart, 1835) (Empididae). Her i landet berre kjent frå ein serie individ tekne ved Songesand skule og ved Helmikstøl (Jonassen 1987).

*Medetera excellens* Frey, 1909 (Dolichopodidae). Det norske førstefunnet av denne uvanlege arten var to eks. frå Songesand i 1982 (Jonassen 1985). Sidan er det funne nokre få individ av arten på to lokalitetar på Austlandet. Arten (og slekta) har larvar som er predatorar på barkebillelarvar. *M. excellens* er truleg knytt til lauvtre.

*Drapetis arcuata* Loew, 1859 (Hybotidae). Det norske førstefunnet av arten var ein serie eksemplar frå Hatleskog i Forsand (Jonassen 1988), observert i store mengder på bjørkestammer. Dette er framleis den einaste kjende lokaliteten på Vestlandet. Sidan er det teke nokre få eksemplar spreidd over fire av fylka på Austlandet.

*Strongylophthalmyia pictipes* Frey, 1935 (Strongylophthalmyiidae). Eit unikt funn som vart gjort ved Holmavatnet (Hjelmeland) våren 2010. Tidlegare er arten berre kjend frå

få finske eksemplrar. Arten skal vera knytt til daud osp ([www.elisanet.fi/jere.kahanpaa/diptera/strongy/](http://www.elisanet.fi/jere.kahanpaa/diptera/strongy/)), noko som høver godt med lokaliteten ved Holmavatnet, der det vart håva to eks. på ein fallen ospestamme.

*Fannia stigi* Rognes, 1982 (Fanniidae). Dette er den einaste insektarten eg kjenner til der typelokaliteten ligg innafor Preikestolområdet, og bør såleis vera med her. Arten er beskriven frå Husafjellet ved Revsvatnet (Rognes 1982), og er elles kjent frå berre få norske og svenske eksemplrar.

### 3. LITTERATUR

Jonassen, T. 1985. Additions to the Norwegian fauna of Dolichopodidae (Dipt.). *Fauna norv. Ser. B.* 32: 97-99.

Jonassen, T. 1987. New Norwegian Empididae (s.str.)(Dipt.). *Fauna norv. Ser. B.* 34: 37-40.

Jonassen, T. 1988. Empidoidea (Dipt.) new to the Norwegian fauna. *Fauna norv. Ser. B.* 33: 71-76.

Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006. Artsdatabanken, Norway

Nielsen, T. R. 1999. Check-list and distribution maps of Norwegian hoverflies with description of *Platycheirus laskai* nov. sp. (Diptera, Syrphidae). NINA Fagrapport 035. Norsk institutt for naturforskning.

Rognes, K. 1982. *Fannia stigi* n.sp. from Scandinavia (Diptera: Fanniidae). *Ent. Scand.* 13: 325-330.

Terje Jonassen  
4170 Sjernerøy  
terjonas@start.no